# EKSAMENSOPPGAVE

## JUS4211 - Prosess og strafferett - Vår 2018

Dato: 31.05.18
Tid: Kl.10.00 - 16.00

---

### Oppgave 1 - Praktikum i strafferett

Politiadvokat Peder Ås bodde sammen med sin lett demente mor, Kari Ås, og sin psykisk utviklingshemmede lillebror, Lillebror Ås. Lillebror Ås var åpen om - og stolt av - sin pedofile legning, og hans IQ på 50 var den eneste grunnen til at han ikke var straffedømt for en rekke tilfeller av blotting og annen uanstendig atferd mot barna som bodde i nabolaget.

Peder Ås tilbrakte både på og utenfor jobb en del tid på ulike chattekanaler på det mørke nettet, og i april 2018 kom han i kontakt med narkotikalangeren Hugo Junker fra Amsterdam. All den kommende kontakt mellom Peder og Hugo fant sted via chattekanaler på nettet og e-poster. Hugo overtalte Peder Ås til å importere 30 liter med en blanding som inneholdt stoffet gammabutyrolakton (heretter GBL). Peder Ås mente å vite at GBL var et derivat av det narkotiske stoffet gammahydroksybutyrat (heretter GHB). Hugo skrev at det ikke var straffbart å importere derivater. Peder Ås var likevel mistenksom og nervøs for å miste jobben i politiet. Hugo Junker visste fra all chattingen at Peder Ås hadde en pedofil lillebror, og han foreslo derfor at Peder fikk lillebroren til å bestille en væskeholdig sexdukke som forestilte et lite barn, og som før avsendelse ble fylt med en GBL-holdig blanding. Om dukken ble stanset i tollen, ville den i høyden bli konfiskert og destruert, uten at det ble gjort ytterligere undersøkelser av væsken dukken var fylt med, hevdet Hugo. Peder syntes dette var en god plan, og overtalte deretter sin mor Kari Ås til å bestille og betale dukken for Lillebror. Lillebror ble glad som et barn da han fikk høre om dukken, og maste ustanselig om når dukken ville ankomme det lokale postkontoret.

Peder Ås fant etterhvert ut at chattekanalen og e-postkorrespondansen mellom ham selv og Hugo Junker var overvåket, og han sendte 1. mai en kort melding om at oppdraget var avbrudt. Hugo Junker svarte at pakken med den GBL-holdige dukken dessverre ble sendt tidligere samme dag, slik at Peder uansett måtte betale for det hele. Peder Ås politianmeldte da Hugo Junker for forsøk på narkotika- og seksuallovbrudd, med beskjed om at en sexdukke som forestilte et mindreårig barn var på vei til Norge i posten, samt at dukken var fylt med GBL. Det hele var imidlertid allerede oppdaget gjennom overvåking av Hugo Junkers e-postkorrespondanse med Peder Ås, noe Peder Ås var klar over.

Den påfølgende etterforskning viste imidlertid at den angivelige Hugo Junker hverken var i besittelse av GBL eller noen sexdukke, og at «Hugo Junker» i realiteten var et dekknavn som nigerianeren Onadipe Poopola brukte for å svindle "godtroende og nytelsessyke vesteuropeere".

Peder Ås ble tiltalt for:

1. Forsøk på innførsel eller medvirkning til innførsel av fremstilling som seksualiserer barn, jf. strl. § 311 litra c, jf. § 16, jf. § 15.
2. Forsøk på innførsel eller medvirkning til innførsel av vesentlig mengde narkotika, jf. strl. § 232 litra b), jf. § 231, jf. § 16, jf. § 15.

Peder Ås hevdet at han ikke hadde gjort noe straffbart. Det fantes hverken noen sexdukke eller noe parti GBL, og selv hadde han ikke gjort annet enn "å chatte med en mann som ikke finnes", samt pratet med sin demente mor, og han påstod at ingenting av dette var straffbart. Dukken som mor hadde hjulpet Lillebror med å bestille, forestilte riktignok et lite barn, men dukken som sådan kunne imidlertid ikke representere noen fremstilling som seksualiserer barn. Peder minnet om at det var vanlig at til og med Barbie-dukker hadde antydning til kjønnsorganer, og at det måtte være sinnelaget det kom an på. Selv hadde ikke Peder det minste «lyst på barnedokker», og Lillebror var uansett ikke tilregnelig.

Peder Ås påstod videre at GBL ikke var et narkotisk stoff selv, kun et derivat av et narkotisk stoff. Det var uansett ikke han som hadde bestilt dukken som var fylt med stoffet.

Endelig hevdet Peder at han uansett hadde trådt tilbake fra forbrytelsene av fri vilje, og at det var uten betydning om dette først skjedde etter at forsøket på forbrytelse var oppdaget.

Herover forfattes en betenkning der så vel prinsipale som subsidiære rettsspørsmål drøftes og avgjøres.

Vedlegg: Forskrift om narkotika (narkotikaforskriften) av 14. februar 2013 nr. 199.

**Oppgave 2 - teori i sivilprosess**

Om partsevne og prosessdyktighet.

Oppgave 1 teller 2/3 og oppgave 2 teller 1/3.

***

Oslo, 22.05.18

Alf Petter Høgberg

Alf Petter Høgberg
Faglig eksamensleder

UiO : Det juridiske fakultet
Universitetet i Oslo

# EKSAMENSOPPGÅVE

## JUS4211 - Prosess og strafferett - Vår 2018

Dato: 31.05.18
Tid: Kl.10.00 - 16.00

---

### Oppgåve 1 - Praktikum i strafferett

Politiadvokat Peder Ås budde saman med den lett demente mor si, Kari Ås, og den psykisk utviklingshemma veslebroren sin, Veslebror Ås. Veslebror Ås var open om - og stolt av - den pedofile legninga si, og den einaste grunnen til at han ikkje var straffedømt for ei rekkje tilfelle av blotting og anna usømmeleg åtferd mot borna som budde i nabolaget, var at han hadde ein IQ på 50.

Peder Ås brukte både på og utanfor jobben ein del tid på ulike chattekanalar på det mørke nettet, og i april 2018 kom han i kontakt med narkotikalangaren Hugo Junker frå Amsterdam. Den komande kontakten mellom Peder og Hugo fann fullt ut stad gjennom chattekanalar på nettet og e-postar. Hugo overtala Peder Ås til å importere 30 liter med ei blanding som inneheldt stoffet gammabutyrolakton (heretter GBL). Peder Ås meinte å vita at GBL var eit derivat av det narkotiske stoffet gammahydroksybutyrat (i det vidare GHB). Hugo skreiv at det ikkje var straffbart å importere derivat. Peder Ås var likevel mistenksam og nervøs for å miste jobben i politiet. Hugo Junker visste frå all chattinga at Peder Ås hadde ein pedofil veslebror, og han føreslo difor at Peder fekk veslebroren til å bestille ei væskehaldig sexdokke som framstilte eit lite barn, og som vart fylt med ei GBL-haldig blanding før ho vart sendt. Dersom dokka vart stoppa i tollen, ville ho i verste fall bli konfiskert og destruert, utan at det vart gjort nokon ytterlegare undersøkingar av væska som dokka var fylt med, hevda Hugo. Peder tykte dette var ein god plan, og han overtala så mor si, Kari Ås, til å bestille og betala dokka for Veslebror. Veslebror vart glad som eit barn då han fekk høyre om dokka, og han masa stadig om når dokka ville koma til det lokale postkontoret.

Peder Ås fann etter kvart ut at chattekanalen og e-postkorrespondansen mellom han sjølv og Hugo Junker var overvaka, og han sende 1. mai ei kort melding om at oppdraget var avbrote. Hugo Junker svara at pakka med den GBL-haldige dokka diverre vart sendt tidlegare den same dagen, slik at Peder i alle tilfelle måtte betala for det heile. Peder Ås melde då Hugo Junker til politiet for forsøk på narkotika- og seksuallovbrot, med melding om at ei sexdokke som framstilte eit mindreårig barn, var på veg til Noreg i posten, og at dokka var fylt med GBL. Alt dette var derimot alt oppdaga gjennom overvakinga av Hugo Junker sin e-postkorrespondanse med Peder Ås, noko Peder Ås var klar over.

Den påfølgjande etterforskinga viste derimot at den påståtte Hugo Junker korkje hadde noko GBL eller noka sexdokke, og at «Hugo Junker» i realiteten var eit dekknamn som nigerianaren Onadipe Poopola brukte for å svindle "godtruande og nytingssjuke vesteuropearar".

Peder Ås vart tiltala for:

1. Forsøk på innføring eller medverknad til innføring av ei framstilling som seksualiserer born, jf. strl. § 311 litra c, jf. § 16, jf. § 15.
2. Forsøk på innføring eller medverknad til innføring av ei vesentleg mengd narkotika, jf. strl. § 232 litra b), jf. § 231, jf. § 16, jf. § 15.

Peder Ås hevda at han ikkje hadde gjort noko straffbart. Det fanst korkje noka sexdokke eller noko parti med GBL, og sjølv hadde han ikkje gjort noko anna enn "å chatte med ein mann som ikkje finst", og prate med den demente mor si, og han hevda at ingenting av dette var straffbart. Dokka som mor hans hadde hjelpt Veslebror med å bestille, framstilte rett nok eit lite barn, men dokka i seg sjølv kunne derimot ikkje representere noka framstilling som seksualiserer barn. Peder minna om at det var vanleg at til og med Barbie-dokker hadde teikn til kjønnsorgan, og hevda at det måtte vera sinnelaget det kom an på. Sjølv hadde ikkje Peder det minste «lyst på barnedokker», og Veslebror var i alle tilfelle ikkje tilrekneleg.

Peder Ås hevda vidare at GBL ikkje var eit narkotisk stoff i seg sjølv, berre eit derivat av eit narkotisk stoff. Det var i alle tilfelle ikkje han som hadde bestilt dokka som var fylt med stoffet.

Endeleg hevda Peder at han i alle tilfelle hadde tredd attende frå brotsverka av fri vilje, og at det ikkje hadde noko å seia om dette fyrst skjedde etter at forsøket på brotsverk var oppdaga.

Du skal ut frå dette skrive ei vurdering der så vel dei prinsipale som dei subsidiære rettsspørsmåla blir drøfta og avgjorde.

Vedlegg: Forskrift 14. februar 2013 nr. 199 om narkotika (narkotikaforskrifta).

**Oppgåve 2 - teori i sivilprosess**

Om partsevne og prosessdugleik.

Oppgåve 1 tel 2/3, og oppgåve 2 tel 1/3.

***

Oslo, 22.05.18

Alf Petter Høgberg

Fagleg eksamensleiar